



Lindås kommune

Dato: 26.11.2015

Vår ref.: 2015/10392-4

Saksbehandlar: HANVIE_

Dykkar ref.: «REF»

Fråsegn til 2.gangs høyring av reguleringsplan for Fv 404 Kvamme - Fossevatnet, Lindås kommune planID 1263201112

Vi viser til brev datert 13.10.2015 om 2. gongs høyring av forslag til detaljregulering for Fv 404 Kvamme-Fossevatnet, Lindås kommune. Hovudføremålet i planen er veg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til veg. Reguleringsplanen låg ute til 1.gongs høyring i 2012. Hordaland fylkeskommune gav fråsegn til planen i brev av 21.08.2012. I fråsegna ved første gongs høyring hadde Hordaland fylkeskommune merknader til samferdsel og kulturminne.

I planen som ligg no ute til 2. gongs høyring er det gjort vesentlige endringar i planframleggget. Hordaland fylkeskommune vurderer 2. gongs høyring av reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til fråsegna ved 1.gongs høyring i brev av 21.08.2012.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internetsidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Samferdsel

Det er i dette planforslaget gjort fleire forbeteringar for å sikre trygg ferdsel på og langs vegen. Fv 404 skal rustas opp, og det er regulert inn to køyrefelt, fortau og kantstopp for kollektivtrafikken. Samferdselsavdelinga er positiv til forbeteringane og ser det som viktig å legge til rette for å auke trafikktryggleiken på strekninga. Samstundes vil vi minne om at Plan- og byggeprogram for 2016 vert handsama av Fylkestinget i desember, men det er her ikkje lagt opp til løyvingar for nemnte utbetringar. Finansieringa av plantiltaka må ein vurdere i ettertid.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styringsmakt for kulturminnevern. Området ved Ytre Fosse, Kvamme og Furuholmen er rikt på automatisk freda kulturminne, særleg gravminne frå jernalder. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som kjem i direkte konflikt med utviding av Fv 404, men delar av planområdet på Ytre Fosse går delvis inn i omsynssone c) bevaring av kulturmiljø. Sidan vegutbygging er eit samfunnsviktig tiltak, og planen ikkje kjem i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne, har vi ingen avgjerande merknad i høve automatisk freda kulturminne.

Vi ber om at den SEFRAK-registrerte løa på gnr. 146, bnr. 7 vert dokumentert med foto før riving og at verneverdige gamle tre/allear som må fjernast vert dokumentert med foto og vurdert flytta. Vi ber elles om at ein i anleggsperioden tek omsyn til kulturminneverdiar som blir liggande tett inntil vegen. Dette gjeld særleg SEFRAK-registrerte hus, jordkjellarar og steingardar.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune positiv til planframlegget som ligg på 2. gongs høyring. Vi har merknader til kulturminne og kulturmiljø og ber om at dette vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Marit Rødseth
plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Inger Lena Gåsemyr, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Monika Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga